

## Vedlegg 2

### Kverner i Kvernåe

Rolf Sørungård og Ola Jo Botheim. 2004: Bruk av vasskraft til kverner og sagbruk.

I Årsskrift 2004 Lesja Historielag, sider 6-41: 34.



*Fig. 15. I Kvennåe var det ni kvernhus. På bilde Ola Jo Botheim og Jakob Traasdahl under registreringsarbeidet ved staden der Ommundgard hadde kverna si. Vassinntaket var oppe i venstre bildekanten, kvernhuset sto mellom åa og den oppmura plassen midt på bildet, og oppe til høgre på bildet går Kvennvegen vidare oppover langs med åa. Foto Rolf Sørungård.*

### **18-26. Kvennåe 3H-11H, Kvennåkvennin**

Oppover på høgre sida av Kvennåe, på strekninga frå Ommundgards-sage opp til høgde med Svarttjønne, låg det ni kverner. Dei fleste tilhørte nok bruk i Kjøremsgrende, men iflg. eit dødsbuskifte frå 1746, hadde òg Søre Hådi kvern her. (Kjelland, 1996, s.503) Ein del av kvernhusa sto til flaumen i 1938, men i dag er det berre restar etter murar, nokre stokkar og vegen til kvernene som er synleg. (Fig. 15.)

Systugu Synstbø var av dei bruka som hadde kvern i Kvennåe, og i 1822 bygde dei ny kverndam. I november året etter vart det laga ny tro (vassrenne), og tre månader seinare, – den 27.februar, – mol brukaren «4 ½ Tønne til gron og 1 ½ Tønne Strit Korn». I februar i 1833 fekk dei problem med kverna, – kanskje var det for lite vatn. Da drog brukaren til «Ismølen» og mol «6 Tønder Brødkorn og 1 Tønne 6 skiper Stridt og 5 skiep malt». (Synstbø/Simenrud-dagbøkene) «Ismølen» var truleg ei flyttbar kvern som vart skuvd ut på isen ved Lorkvennfossen. At han måtte så langt som til Lordalen, kan tyde på at det òg var lite vatn i andre kverner som låg nærare til.